



# OSTERØY KOMMUNE

Plan

Beskriv omfang av planlagt arealbruk både på land og i sjø:

Den planlagde arealbruken inneber ei utviding og omregulering av BFS4 og BFS5 som no er regulerte som LNF-spreidde bustadfelt. Heile utmarka til 9/2 var tidlegare skogsareal. Skogen vart fjerna då området vart omregulert til bustadbygging. Difor er arealet no lett tilgjengeleg. Det ligg sentralt langs den nye hovudvegen mellom Hauge-Lonevåg og ein kan koble feltet til denne veggen utan store naturinngrep. Landskapsanalysen som vart utført i 2012 skriv at ein variasjon av konsentrerte bustadar gjev best grunnlag for å tilpasse bustadmassen til terrenget. Etter å ha gjort ei terrengmessig kapasitetsanalyse i samarbeid med sivilarkitekt Geir Brekke foreslår me at Borge 9/2 har utbyggingskapasitet til minst 20 fleirmannsbustadar som totalt resulterer i 77 einingar. Dei foreslåtte planane vil ikkje påverke dyrkbar jord, og den forrige arealplanen fastslo at «*Dette området ligg avskilt frå Borgovatnet med veg og ein ser derfor ikkje at det vil få nemneverdige negative konsekvenser*» for naturverdien og det biologiske mangfaldet ved Borgovatnet.

## 5. Kart

Område for arealendringa skal teiknast inn på kart i målestokk  $\approx 1:1000$ . Underlagskart kan printast ut frå <http://nordhordland.avinet.no/> eller ta kontakt med kommunen. Kartskisse skal leggst ved søknadsskjema. Må merkast med gnr/bnr. på det aktuelle arealet og med namn på forslagsstiller.

## 6. Alle arealinnspele må så langt som råd er kunna gjennomførast og vera i samsvar med mål og arealstrategi i kommuneplanen sin samfunnsdel

Er arealinnspelet i samsvar med mål i kommuneplanen sin samfunnsdel:

JA \_\_\_\_\_ JA i stor grad X NEI \_\_\_\_\_

Om ja: Kva mål høyrer innspelet inn under: Skriv mål:

Mål 2: Gode levekår og attraktive lokalsamfunn

«...trygg infrastruktur og med varierte uteområde som innbyr til aktivitet. Nye bustadar må etablerast slik at kommunen målretta stør opp om eksisterande grender. Me ynskjer å sikre levedyktige områdesenter med varierte og sterke tenestetilbod.»

Delmål: «Utbygging og/eller fortetting i sentra og i eksisterande bygde område skal prioriterast framfor spreidd bustadbygging»

Er arealinnspelet i samsvar med mål i kommuneplanen sin arealstrategi:

JA \_\_\_\_\_ JA i stor grad X NEI \_\_\_\_\_

Om ja: Kva arealstrategi høyrer innspelet inn under: Skriv arealstrategi:

Konsentrert utbygging

«Vi skal ha ei bustadutbygging som reduserer nedbygging av arealressursar og stør opp under eksisterande lokalsamfunn.....Utbygging og/eller fortetting i sentra og i eksisterande bygde område skal prioriterast framfor spreidd bustadbygging»

Om nei: Kva arealstrategi kan arealinnspelet kome i konflikt med:

Signatur

Anne-Thora Vardøy-Mutale

Frida-Sofie Borge

31.07.2022